

# Region vest



## INSPIRASJONSHELG FOR ALLE

Du inviteres herved til årets storsamling i Misjonssambandet vest. Nå kan vi endelig samles igjen slik vi kunne før pandemien, og håper at både unge og eldre vil ta turen til Førde 22.-24. april. Inspirasjonshelgen har fått temaet «Gå ut», og vil også inneholde regionårsmøte.

LES MER PÅ SIDE 4 OG 5

FOTO: TOOMAS TARTES / UNSPLASH.COM



Berhte Moustapha og Bergfrid Almelid ved eit poda Shea-tre på eit restaurert gullfelt. FOTO: RITA SALTER

### – KAN DE KOMA OG HA LEIR FOR BORNA VÅRE?

Bergfrid Almelid, som einaste utsending frå Misjonssambandet i Mali, står i eit spennande og variert arbeid på landsbygda. Ho støytter på utfordringar i møte med internasjonale gullgruveselskap og får eit spennande spørsmål frå ein landsby bak fjella der ho bur: Kan de ikkje gjere noko for borna?

KJERSTI GANGSTØ

LES MEIR PÅ SIDE 3

i

### MISJONSSAMBANDET VEST

**Adresse:**

Sigurds gate 6,  
5015 Bergen

**Telefon:** 55 90 48 00

**E-post:** vest@nlm.no

**Gavekonto:** 8220. 02. 90131

**Ansvarlig redaktør:**

Per Byrknes

## INNSPILL



**PER BYRKNES**  
regionleder

## De fremmede

«Det gjør vondt å se mennesker i nød, men ikke kunne hjelpe», skrev TV2s reporter Øystein Bogen etter å ha sett flyktningestrømmen som ankommer Lviv i Vest-Ukraina.

Jeg forstår journalist Bogen sin utfordring når han skriver at han har lyst til å kaste kamera og mikrofon og bære bagasjen til den gamle kvinnen eller gi en matbit til familien som står og hutrer.

**Berører alle.** Når den menneskelige nøden kommer så nær som den har gjort den siste tiden, berører det de fleste av oss. Flyktningestrømmen fra Ukraina er ikke bare statens ansvar. Selvsagt må Norge bidra der vi kan, men hva med deg som privatperson eller ditt kristne fellesskap?

I Matt 25,35 ser vi hvordan Jesus identifiserer seg med lidende medmennesker. «Jeg var fremmed, og dere tok imot meg»

Betydningen av ord kan gi oss verdifull informasjon. På både gresk og latin brukes ordene fremmed og fiende (latin: hostis og gresk: xenos) om hverandre. Med andre ord: den fremmede ble ofte sett på som en fiende. Poenget er: Vi frykter det som er fremmed. Fremmedhet kombinert med avstand, blir fiendskap.

**Skape nærhet.** Hvordan overvinner vi fiendskap? Det må jo være ved å skape nærhet.

Det er ingen tvil om at gjestfrihet var et svært viktig tema for de første kristne og for den tiden de levde. Gjestfrihet var faktisk en av de viktigste dydene. Den hadde sin egen gud, og det var ingen ringere enn Zevs. Biskop Meliton av Sardes i Lilleasia skrev en egen bok om gjestfrihet, som dessverre har

gått tapt. Herberger kunne være utrygge. De omreisende apostlene og misjonærene tok derfor inn hos andre kristne. Uten gjestfriheten ville ikke den kristne troen ha spredt seg slik den gjorde i de første århundrene.

Vårt kall som mennesker er å leve livet i to retninger: Vi skal elske vår neste, og vi skal elske Gud. De to retningene kombineres i gjestfriheten. «Jeg var fremmed, og dere tok imot meg,» sier Jesus. Han identifiserer seg med den fremmede. Kjærligheten til Gud kan ikke skiller fra kjærligheten til mennesker.

*«Å være god mot fremmede er ifølge Jesu egen undervisning å være god mot Jesus.»*

**Radikalt.** Enda mer radikalt blir det når Jesus i vers 40 sier at «det dere gjorde mot én av disse mine minste søsken, har dere gjort mot meg». Det er det virkelig grensesprengende perspektivet på gjestfriheten.

I Hebreerbrevet får vi også et annet spennende perspektiv på gjestfriheten: «Glem ikke å være gjestfrie, for på den måten har noen hatt engler som gjester, uten å vite det.» (Heb 13,2)

Slik vi behandler de fremmede, slik tenker Jesus at vi behandler Ham. Å være god mot fremmede er, ifølge Jesu egen undervisning, å være god mot Jesus. La det ikke bare bli statens oppgave å stille opp. La det også bli din.



FOTO: REGION VEST

## NY RESSURSSIDE

I Misjonssambandet vest ønsker me å oppmuntra og hjelpa forsamlingar og fellesskap til å vera utoverretta.

TEKST GRO BJØRNDAL

Målet vårt er at stadig nye menneske skal verta nådd med verdas beste bodskap. Samtidig står me ofte litt fast på korleis me kan få det til.

No prøver me å samla ulike ressursar særleg om dette på ei eiga nettside. Mykje av det er å finna på andre nettsider, men ved å ha ei samlande oversikt, håpar me det skal verta lettare å finna det.

Sida er bygd opp etter satsingsområda våre den komande tida: Nå nye, Smågrupper og Diakoni. Her skal du kunna finna ulike tips, idear og hjelpemateriell; noko til inspirasjon og noko til konkret, praktisk hjelp. Sida vil vera dynamisk og verta oppdatert etter kvart som nye ting kjem til. Har du tips til ting som ville passa inn her, gje oss gjerne eit ord.

**TALE-OVERSIKT.** Nokre gonger manglar ein talar til eit møte. På denne sida ligg det også lenker til ulike talar som kan brukast i møtesamanheng, eller om ein berre ønskjer å høyra for seg sjølv. Mange av desse er videotalar som kan visast på storskjerm, eller på PC eller TV heime i stova.

Sida skal vera lett å finna, du kjem rett til den ved å skriva: [nlm.no/vest/fellesskapsressurs](http://nlm.no/vest/fellesskapsressurs).

# MISJON PÅ DEN MALISKE LANDSBYGDA

Spanande ting skjer i nokre landsbyar som ligg oppe i fjella, bak gullgruvesamfunnet der Bergfrid Almelid bur. Fleire uttrykkjer interesse for det dei høyrer om Jesus gjennom bibelomsetjingsarbeidet. Dei ynskjer at borna deira skal få vera med på leir og bli kjend med Jesus.

TEKST KJERSTI GANGSTØ

Bergfrid Almelid reiste som misjonær til Elfenbeinskysten i 1997 og til Mali i 2005. Ho bur ti mil frå Bamako, hovudstaden i Mali. Bergfrid jobbar som prosjektrådgjevar i 50% stilling og arbeider elles med evangelisering og relasjonsbyggande arbeid.



– Kva set du størst pris på i arbeidet ditt?

– At eg får bruke meg sjølv på mange måtar og får vere del av utviklinga av eit lokalsamfunn gjennom prosjektarbeidet. Eg kan vere med muslimske vener i Al Massira-samtalegrupper, på leit etter Messias i Skriftene. Eg får dele ein budskap som er god, evangeliet, med born og vaksne, og er eit bindeledd i samarbeidet om Bibelomsetjing og i dubbing av Al Massira-filmane.

– Kva er utfordrande med å vera einaste ut-sending frå Misjonssambandet i Mali?

– Det er lett å ville rekke over for mykje. Eg klarar ikkje å halde alle relasjonar varme (som vi var fleire om å pleie tidlegare), eg får ikkje delt Jesusfilmen med damene i tuna der kollega Kjersti Gangstø vanka eller ha så grundig opplæring av dei kristne damene som ho hadde. Eg saknar fellesskapet i bøn og det å kunne dele hjartesukk når kvardagen vert for krevjande.

– Kva er du opptatt av no?

– At rapporten frå evalueringa av utviklingsprosjektet skal fange opp det viktigaste å gripe fatt i no. Til dømes korleis endringar kan møtast; internasjonale selskap søker profitt og gull utan å nødvendigvis ta omsyn til miljøet og lokalsamfunnet. Eg ber og Gud vise korleis Arouna, ein mann som vart lam etter ei gruveulukke, kan få dåp, då vi ikkje har pastor her.

– Kan du fortelja litt om leiren i januar?

– I mars 2021 reiste eg med fleire til nokre



To jenter på leir.

FOTO: KJERSTI GANGSTØ

## BØNEEMNE

- At ei ung kvinne (tidlegare leirdeltakar), som i haust tok i mot Jesus, veks i trua.
- At Al Massira-deltakarane vågar å gå livsvegen med Messias.
- At Gud kallar og sender kristne til landsbyen bak fjella.

**Al Massira:** Eit videobasert materiale, produsert i Midtausten, der ein lærer korleis vi som kristne kan møte muslimar for ei tursreise gjennom Bibelen. Saman oppdagar og undersøker ein teikn og profetiar som peikar på Messias. [ALMASSIRA.ORG](http://ALMASSIRA.ORG)

landsbyar bakanfor fjella der eg bur for å teste omsetjinga av Lukasevangeliet. Nokre uttrykte interesse for det dei høyrde og sa:

«Om de ikkje kan love ei kyrkje her, kan de ikkje gjere noko for borna? Ha undervisning i kristen tru?» Spørsmålet utfordra oss, og i januar greip vi høvet til å ha leir. Ni leiarar vart med, samt bibelomsetjar Soriba. Ein av dei få kristne malinkéane i vårt språkområde, Modibo, var vegvisar. Medan 200 born var samla til leik og bibelforteljing, rusla dei to mennene rundt i landsbyen for å testa bibelomsetjinga vidare. I klasseromma var det lydhøyr. Borna lærte songar og minnever, og ei av leiarane, Lea, fekk god kontakt med tenåringane. Etter den siste samlinga ville dei ikkje gå, men sat att i klasserommet og ville snakke meir. Fleire av dei tok i mot Jesus. No, etter leiren, spleisar dei på telefonpengar for å ringe Lea, og Lea tenker på korleis vi kan fylgje dei opp. Kallet frå denne landsbyen er formidla til ei av dei større kyrkjene i Bamako, som vil prøve å sende ein nasjonal misjonær og kanskje bygge ei kyrkje.

# INSPIRASJONSHELG FOR UNG OG GAMMEL MED REGIONÅRSMØTE

## TEMA: «GÅ UT»

Sted: Førde, i Sunnfjord kommune

Dato: 22.–24. april 2022

## Velkommen!

Solen står opp før de fleste av oss er oppe. Hvitveisen blomstrer langs veiene og de grønne bladene begynner å titte frem etter vintrens dvale. Våren er en fin tid. Det kan være fint å se dette på bilder, men den beste opplevelsen får du om du faktisk går ut og opplever det selv.

«Gå ut» er tema for årets storsamling i Misjonssambandet vest. Pandemien har i flere år satt begrensninger på det å samles slik mange av oss var vant til tidligere. Nå kan du igjen få muligheten til kjenne på fellesskapet med kristne brødre og søstre fra andre deler av regionen vår. Det blir litt som med vårtegnene: du må faktisk gå ut av døren hjemme og dra til Førde for å oppleve det.

Vi har satt sammen et program vi håper både unge og gamle vil oppleve som inspirerende. Det blir fokus på det å «Gå ut» med verdens beste budskap både i vårt eget land og i resten av verden.

Som del av inspirasjonshelgen vil vi også arrangere vårt årlige regionårsmøte lørdag ettermiddag. Dette årsmøtet kan du delta på digitalt, men igjen vil vi si: du får den beste opplevelsen ved å delta fysisk.

Smågrupper, foreninger og lag tilsluttet Misjonssambandet vest kan velge to utsendinger hver til årsmøtet. Større foreninger, forsamlinger eller misjonslag som har mer enn 50 medlemmer kan sende en ekstra utsending pr 50 medlemmer.

Hilsen Per Byrknes  
Regionleder



## SEMINARER

Fredag kveld kl. 19.00 kan du, i tillegg til ungdomsmøte velge mellom to seminarer:

### «Møte med medmennesker – med Jesus som forbilde»

v/ Paul Odeh, leder for internasjonalt kristent fellesskap (IKF) (Skilbrei)

Bor det noen i ditt nabolag du trenger hjelp til å se på med nye øyne? Som kristen innvandrer i Norge har Paul Odeh gjort seg mange erfaringer når det gjelder møter med både nordmenn og andre. Paul har en smittende glede og et ønske om at enda flere skal få bli kjent med Jesus.

### Styre-seminar

v/ Per Byrknes, regionleder (Førde)

Hvilket ansvar har man som medlem av et bedehusstyre, forsamlingsstyre eller foreningsstyre? Svaret kan nok variere litt, avhengig av hvordan man har organisert seg. Det vil allikevel være noen kjerneverdier og oppgaver et styre for et kristent fellesskap bør ha fokus på, som kan skille seg litt fra andre styre. Dette seminaret passer både for deg som er med i et styre og for deg som bare ønsker å vite litt mer om temaet.

## KOST OG LOSJI

Håper du noterer helgen i kalenderen og bestiller overnatting før du glemmer det.

De fleste samlingene blir på Førde Gjestehus og Camping. De tilbyr også utleie av hytter, gjestehus, camping og leiligheter. Bestilles på Overnatting – Førde Gjestehus og Camping (fordecamping.com) eller tlf. 468 06 000.

Skilbrei Ungdomssenter tilbyr også overnatting. Den kan bestilles i påmeldingsskjemaet. En natt, kr. 460,- pr. rom.

To netter, kr. 610,- pr. rom

Prisen er den samme enten det er én eller fire på rommet. Sengetøy og håndklær må tas med. I tillegg serveres frokost lørdag og søndag for kr. 90 pr. person pr. dag (kr. 45 for barn 3–12 år)

### Vi tilbyr også følgende måltider:

#### Fredag

**20:30:** Pizza med salat på Skilbrei kr. 120

#### Lørdag

**12:00:** Lunsj (rundstykker) på FGC (kr. 70)

**17:00:** Middag (betasuppe med brød/flatbrød/smør) på FGC (kr. 160)

**Alle måltid:** Barn 3–12 år halv pris, 0–2 år gratis. For kr. 50 kan du også forsyne deg med kaffe, te og vann lørdag frem til ca. kl. 17:00.

Husk å krysse av for de måltidene du ønsker i påmeldingsskjemaet på [nlm.no/vest](http://nlm.no/vest).

### Andre alternativer for overnatting er:

Scandic Sunnfjord Hotel og Spa  
Thon Hotel Førde  
Førde Pensjonat  
Førde Vandrersentrum

Barne- og ungdomsarbeiderne gleder seg til kjekke aktiviteter sammen med barna

FOTO: MARTA SORTLAND LEODO



### PROGRAM FOR BARN LØRDAG FOR 3–12 ÅR

10:00–10:30 Registrering  
10:30–12:00 Møte og fellesaktivitet på Førde Gjestehus og Camping

Felles lunsj med alle

#### 13:00–16:00 Aktiviteter

- 3–6 år: Aktiviteter på Førde Gjestehus og Camping Hobby, lek ut og inne
- 7–12 år: Aktiviteter på Slåtten skule Allidrett, Fun Battle, Hobby

Vi vil gjerne ha med tenåringer som hjelpeledere fra kl. 13–16. Oppgavene blir å hjelpe til praktisk og være med i lek. Kryss av i påmeldingen, så tar vi kontakt.

## PROGRAM

### Fredag 22.04

19:00 Ungdomsmøte.  
Tale v/ Erika Vestre.  
Sosialt (Skilbrei, møtesalen)

### Seminarer:

19:00 **Styre-seminar**  
v/ Per Byrknes  
Førde sentrum

19:00 «**Møte med medmennesker – med Jesus som forbilde**»  
v/ Paul Odeh  
Skilbrei, peisestova

Pizza i matsalen på Skilbrei etter samlingene (påmelding)

### Lørdag 23.04

Sted: Førde Gjestehus og Camping

10:00 Bønn og lovsang

10:30 Morgensamling.  
Andakt v/ Erika Vestre.  
Gjest: Paul Odeh

12:00 Lunsj (påmelding)

13:00 Årsmøte (også digitalt)

17:00 Middag (påmelding)

19:00 Kveldssamling med misjonsfokus.  
Tale: Øyvind Åsland.

21:00 Sosialt for ungdommene  
m/ quiz og spill m.m.

### Søndag 24.04

Sted: Førde Gjestehus og Camping

11:00 Storsamling.

Tema «Gå ut».

Tale v/ Øyvind Åsland



Samling på bedehuset. FOTO: PÅL ANDREAS BERNTSEN

## HUSKYRKJA

Det er ikkje alltid så mange kristne familiar i dei mindre bygdene. Korleis kan ein då få til eit kristent fellesskap for alle aldrar?

TEKST GRO BJØRNDAL

I Måløy ønskte nokre ektepar at barna skulle få møtast med andre kristne på sin alder. Slik begynte tre familiar å samlast rundt om i heimane og starta det som fekk namnet Huskyrkja. I dag har dei flytta samlingane til bedehuset. Ein ettermiddag om lag annakvar veke samlast alle som kan av dei tre familiene. For med turnusjobbing passar det ikkje for alle samtidig. Derfor vekslar dei mellom to veke-dagar, slik at alle skal kunna vera med på den eine av dei to samlingane i månaden.

**MÅLTID.** Heilt frå starten av var måltidsfellesskapet viktig. Det er det framleis. Men det skal vera enkelt, slik at det ikkje kostar for mykje krefter å få det til. Derfor er serveringa gjerne pølse i brød. Sjølv om opplegget har variert litt, har song, bibel og bønn alltid vore viktig. No er dei litt i ein reorganiseringsfase, der dei prøver å finna ein veg som gjev påfyll, utan at det kostar for mykje førebuing – ei utfordring som mange nok vil kjenna seg att i. Samtidig er aldersspranget stort, med barn frå halvanna til atten år, dei fleste i tweensalder, i tillegg til dei vaksne. No prøver dei ha noko for dei minste i starten, så får dei leika medan dei vaksne har bibelstudie.

**FLEIRE MED.** Så langt er samlingane for dei tre familiene. Men dei har også kontakt med andre som kan koma med. Når dei etter kvart får ein felles plattform med eit møteopplegg som dei kjenner har ei god form og går litt av seg sjølv, ønskjer dei å invitera endå fleire med seg.

## TALERE OG SEMINARHOLDERE

**Øyvind Åsland**  
generalsekretær i  
Misjonssambandet



**Erika Vestre**  
Ungdomskonsulent,  
Misjonssambandet  
ung



**Paul Odeh**  
Leder for internasjonalt kristent fellesskap, Misjonssambandet sørvest (IKF)



I tillegg vil lokale ressurspersoner delta.

# ENGASJERT UNGDOM PÅ BYGDA

Jonatan Hurthi har vakse opp med Lyngmo som sin andre heim. No er han aktivt med i Misjonssambandet på fleire måtar og ynskjer at barn og unge skal få eit møte med Jesus.

TEKST KJERSTI GANGSTØ

Jonatan Hurthi, 19 år, vaks opp på ein gard i Sogn som eldst av fem sysken. Jonatan har hatt oppveksten i ein kristen heim og reiste på leir frå han var fyrsteklassing. Han har travle dagar som elektrisklærning, på garden, og som lokallagsleiar i Luster Krf.

– Til tider har eg spurt meg om kvifor eg er med, men gjennom dette arbeidet kan eg vera med og påverka den norske stat til å vera der også for kristne.

**ALDRI ÅLEINE.** Ein skulle kanskje tru at det er få kristne på bygda. Slik har ikkje Jonatan opplevd det. Han har aldri kjend seg åleine som kristen. Både barnelaget og ungdomsklubben



Jonatan i sitt ess som leirleiar på Lyngmo.

FOTO: LYNGMO UNGDOMSSENTER

har hatt godt oppmøte.

Jonatan bruker mykje av tida si i Misjonssambandet. Han er ofte på ungdomsklubben i Gaupne og på Lyngmo, som har blitt hans andre heim. Hovudgrunnen til engasjementet er

trua på ein god Gud som han ynskjer å dela med andre.

– Som kristen har eg sett så mykje godt og annleis med Gud.

**TAKKNEMLEGHEIT.** Noko av det som driv han er takknemlegheit for alle som har vore leiarar på leirar opp gjennom. Jonatan ønskjer å gje noko tilbake.

– Det blir ingen leir om ingen er leiarar.

Han trives med latter og smil, med barn og unge som har det gøy. For Jonatan er det viktig å vera disponibel og håpar at det blir meir enn ein Cola for dei som kjem. Han håpar leirane og ungdomsklubben skal få ein betydning inn i dei unge sine liv, at dei får møta Jesus.

For Jonatan gjev det ikkje mening å ikkje tru. I haust møtte han forkynnar Knut Pedersen som sa:

– Det å vera ein kristen er å ha ein liten himmel her på jord og ein veldig stor i vente.

Desse orda har ikkje sloppe taket i Jonatan.



FOTO: CATHRINE KVAMME

## NY BARNE- OG UNGDOMSARBEIDER I REGIONEN

Jeg heter Malene Skartveit, er 28 år, og kommer fra Veia, Karmøy. 1. mars begynte jeg som barne- og ungdomsarbeider i Misjonssambandet vest. Jeg har bakgrunn som misjonærbarn fra Tanzania, har gått på Kvitsund VGS og Fjellheim bibelskole, vært ettåring i Misjonssambandet (i Øygarden) og jobbet ett år i helsevesenet på Karmøy. Siden det har jeg studert, og holder nå på med master i teologi og bachelor i filologi. Jeg trives godt i Bergen, og gleder meg til å være med i barne- og ungdomsarbeidet i regionen.

## FRISKULEN TRENG DEG

Med rekordhøge straumprisar og stigande matvare- og drivstoffprisar er det mange som slit med å få endane til å møtast.

TEKST FRODE BØTHUN

Slik er det også for friskulane – inkludert Sygna vidaregåande skule. Ein må sjølvsagt ta høgde for at prisar aukar. Det som gjer situasjonen ekstra spesiell no er at regjering og stortingsfleirtal kuttar i inntektene til friskulane. Statstilskotet for friskular vert i 2022 kutta med 174 millionar kroner. For Sygna vert tilskotet 1,1 mill. kr. lågare i 2022 enn i 2021. Dette er ei teknisk berekning – ikkje politisk, men det at eit slikt tap ikkje vert kompensert tenar verken tidlegare eller noverande kunnskapsminister til ære.

**Kutt i tilskot.** Friskulane har dei siste åra fått tilskot for å drifte skulebygg – eit såkalla kapitaltilskot. Den avgåtte regjeringa foreslo at dette tilskotet skulle vere 2800 kroner per elev i 2022. Sitjande regjering kutta dette til 1750 kroner. For Sygna betyr dette ca. 180 000 kroner mindre i tilskot i 2022. Det er skuffande at Arbeiderpartiet, som noko av det første dei gjer i regjering, går så direkte til angrep på eksistensgrunnlaget til friskulane. Regjeringspartner



Frode Bøthun, rektor på Sygna vgs er uroa over nedgangen i tilskota til friskulane og oppmodar misjonsfolket til å halde fram med å støtte Sygna og dei andre friskulane.

FOTO: ARKIV

Senterpartiet ser ikkje ut til å ha ein friskulepolitikk, så der er ikkje mykje hjelp å hente.

**Oppmoding.** Vener av Sygna: Dei komande åra kjem vi til å trenge dykk meir enn nokon gong. Når forhold vi ikkje styrer, som straumprisar, politiske vindar og synkande tilskot gir oss utfordringar, vert friskulane meir avhengig av dykk. Vi opplever at Sygna får bety mykje for veldig mange elevar – difor oppmodar vi om at de står saman med Sygna og dei andre friskulane også i tida framover.



Gøy på leir.

FOTO: MARTA SORTLAND LEODO

## BLIR DU MED PÅ LEIR I SOMMER?

Det nærmer seg sommer og ny leirsesong på Lyngmo, Skilbrei og i Sætervika. På Lyngmo og Skilbrei er det leirer i juni og i Sætervika er det leirer i juni og august. Det blir god stemning, gøy aktiviteter både inne og ute, bading, god mat og spennende bibelsamlinger. Det er fin mulighet til å bli kjent med nye, treffe gamle venner, og å bli bedre kjent med Jesus.

Vi håper dere setter av de aktuelle helgene og blir med på leir.



## FELLESREISE TIL UL 2022

22.-26.juni er det klart for årets UL, på Oslofjord Convention Center, i Sandefjord. For å gjøre det enklere å komme seg til UL, setter vi i region vest opp fellesreise til og fra Sandefjord. Cathrine Kvamme Leite blir med som reiseleder på turen. Hun er også tilgjengelig for foreldre og deltakere fra regionen under UL.

### Avreise 22. juni:

08:30: Fra Bergen busstasjon, Blomsterpaviljongen

08:40 Påstigning Åsane terminal

12:00 Påstigning Håbakken, Lærdal

### Retur 26. juni

15:30 Fra Sandefjord

Pris fellesreise: Tur/retur kr 980

Se mer på [nlm.no/leirvest](http://nlm.no/leirvest)

Ønsker du mer informasjon om UL?

Se [ul.no](http://ul.no)



En fornøyd Karoline Ramsdal i sola under SommerTreff Sygna 2021

FOTO: MARTA SORTLAND LEODO

## SOMMERTREFF PÅ SYGNA 22.-26. JUNI

Etter fjorårets suksess gleder vi oss stort over å få invitere til SommerTreff på Sygna 22.-26.juni. Årets tema er «grensesprengende» og vi ser frem til gøy dager med spennende undervisning, godt fellesskap, kjekke ledere, nye vennskap, mye sosialt og ikke minst mange kule aktiviteter. Blant dem kan vi nevne paintball, turneringer, konkurranser og vannsport! Kanskje kjenner du noen som er usikre på hva de skal velge når de kommer til videregående? SommerTreff er en ypperlig mulighet for å sjekke ut skolen, området og treffe noen av de ansatte på Sygna VGS. SommerTreff er for dem som er 13-16 år og påmeldingen er åpen på [nlm.no/leirvest](http://nlm.no/leirvest).

## ARRANGEMENTSKALENDER 2021/2022

KLIPP UT  
OG HENG PÅ  
OPPSLAGSTAVLEN

Dato	Arrangement	Alder
<b>LYNGMO</b> <a href="http://lyngmo.info.no">lyngmo.info.no</a>		
29.04-01.05	Ungdomsleir	Tenåringer
24.-27.05	Vi over 60	Voksne
10.-12.06	2.-4. klasseleir	2.-4. klasse
17.06-20.06	4.-7. klasseleir	4.-7. klasse
26.06-03.07	Bibelsommar i Vest	Alle
16.-18.09	Inspirasjonshelg for kvinner	Kvinner, alle aldrer

### SÆTERVIKA [setervika.no](http://setervika.no)

17.-19.06	Maksleir	2.-4. klasse
19.06	Sommerfest	Alle
04.-07.08	Tweensleir Action	5.-7. klasse
12.-14.08	Miksleir	3.-6. klasse
26.-28.08	Tenleir	Tenåringer
16.09	Sætervikabasar	Alle
16.-18.09	Inspirasjonshelg for kvinner	Kvinner, alle aldrer

### SKILBREI

10.-12.06	4.-7. klasseleir	4.-7. klasse
17.-19.06	1.-4. klasseleir	1.-4. klasse

### TABU

20.-22.05	Tabu på Skilbrei	Tenåringer
19.-21.08	Tabu på Skilbrei	Tenåringer

### ANDRE ARRANGEMENT

22.-24.04	Inspirasjonshelg med årsmøte i Førde	Alle
22.-26.06	Sommertreff på Sygna	8.-10. klasse
22.-26.06	UL med Fellesreise fra Bergen	15 +
05.-10.07	GF på Oslofjord Convention Center	Alle
24.-25.09	Bibelhelg på Innvik Fjordhotell	Alle

Påmelding og informasjon: [nlm.no/leirvest](http://nlm.no/leirvest)